

## Årsmelding for Øvre Naustdal Utmarkslag 2017.

Historikk for årsmøter i ØNU sidan 2010 er å finne på nettsidene vår her:

<http://kringlen.com/onu-underside-aarsmote.html>

**Styret** har i 2017 vore samansett slik:

Normund Svoen – leiar

Odd Vonen – nestleiar

Kjell Klopstad – sekretær

Arne Dvergsdal – styremedlem

Gudmund Eimhjellen - styremedlem

**Rekneskapet** er ført av Karen Marie Elvik Svoen

**Varamedlem:**

Narve Fimland

Kjell Arne Teigen

**Revisorar:**

Olav Svoen

Torstein Svorstøl

**Valnemd til årsmøte 2018:**

Andreas Sørebo, leiar

Ivar Teigen

Vara: Anders Neset

**Styremøter**

Styret har hatt 2 møter og behandla 13 saker. I tillegg har det vore kommunikasjon over telefon, tekstmeldingar og epost. All aktivitet har etter kvart vore dokumentert på nettsida vår. Ein del saker har også vore kommunisert over Facebook sida til ØNU og noko på tekstmelding til medlemmane.

**Arrangement/ Prosjekt** som laget har vore inne i siste året:

- **Årsmøte** Arrangering av årsmøte 22.03.17 - Instedalen skule. 13 medlemmer møtte. Årsmøtet blei nok ein gong arrangert i samarbeid med Instedalen Storvald som hadde sitt årsmøte rett i etterkant.
- **Fiskekortsalg og båtutleige.** Det blei for sesongen 2017 vidareført sjølvbetjening av fiskekort for ØNU sitt område. Bokser med fiskekort på Fimlandsbua, i Nesstranda ved vegen mot Teigavatnet, på Nestunet og ved Vonavatnet. I tillegg var det lagt ut kort på Longevasshytta. I sesongen blei det også vidareført utleige av båt både i Svo-/Nesvatnet og i Vonavatnet. Garn kunne hentast ved nyoppførte boder ved Svobrua og Vonavatnet – takk til Håkon Svoen som skaffa desse. Svobrua friluftsområde, utleigebåtane og tilboda elles bl.a. ved Vonavatnet har vore regelmessig i bruk. Alle avgifter blei betalt direkte til bank eller nyoppretta Vipps konto (Vippsnr 79229) – kvitteringslapper skulle leggest att i boksane. I det store og heile har dei som har forsynt seg med fiskekort betalt - for detaljer sjå rekneskapet.
- **Vidareføring av betalingsparkering ved parkeringsplassen ved Vonavatnet.** Ordning som ved fiskekort og båtutleige med innbetaling over nettbank og via Vipps. Priser: kr. 20,- pr døgn, kr 100 pr. veke, kr 200,- pr. år. Parkerande har stort sett vore lojale mot ordninga

og betalt avgifta. Det har vore eit visst tilsyn med ordninga – bl.a. ved å legge ut betalingslapp på bilar der ikkje parkeringslapp er synleg i bilruta, men det blir ikkje skriva ut gebyr.

For sesongen 2017 er det oppretta Vipps konto også for betaling av parkering (Vippsnr 79225) og det er gitt ut brei info om dette samt oppslag på parkeringsplassen.

- Rekneskapa viser at vi har fått inn vel kr 18000,- på fiskekort/båtutleige og parkering – kr 4000,- meir enn fjor! Ein vil tru mulegheit for Vipps-betaling er sterkt medvirkande til dette iom at ca. 50% av innbetalingane har skjedd på denne betalingsmåten. Auka interesse for tilboda våre set vi også pris på.

- **Utfisking i Vonavatnet.**

Utfiskingsprosjektet gikk i 2017 inn i vanleg driftsfase/haustingsfase. Ola og Britt Kringlen har leia utfiskinga denne sesongen og tok stort ansvar når det dreia seg om organiseringa der andre også var inne og hjelpte til. Det har også vore laga ein infoplakat der hytteigarar og andre har blitt oppmoda om å delta i utfiskinga og rapportere inn fangst. Fleire har respondert. Opplæring, lett tilgang til garn og gratis fiske for dei som deltar er nok viktige bidrag til å få fleire med på utfiskinga. Infoplakaten er utlagt på Fb sidene til Utmarkslaget.

I august utførte Harald Sægrov – heilt gratis - nok ein gong prøvafiske som viste lovande resultat. Rapporten er tidlegare gjort greie for på Utmarkslaget sine Fb sider men utdrag av denne kan vi lese om her:

I 2017 vart det fiska opp 707 fisk med samla vekt på ca. 120 kg (snittvekt 170 gram), mange av desse var aurar av fin storleik og kvalitet. Mange hadde ete smårøye, og det ser ut til at beitinga har redusert rekrutteringa av smårøye. Dette var uttaket før prøvafisket.

Ein del av aurane og røyene med alder 3+ (2014-årsklassen) hadde vakse raskt, og dersom den gode veksten held fram vil dei ha fin storleik i 2019 (figur 1). Resultata frå prøvafisket indikerer at det kan bli færre fisk av fin storleik i 2018 enn i 2017, men også at det vil auke på med fin fisk i 2019.

Det ser ikkje ut til å vere behov for utfisking av røye i første omgang. Av aure er det relativt høg tettleik og god rekruttering, og truleg i meste laget. Dersom det er aktuelt med utfisking i haust eller våren 2018 bør dette skje med maskevidde 13 og 16 mm, då vil ein også fange kjønnsmogne dvergrøye.

- **Storrusa**

Storrusa blei solgt på etterjulsvinteren 2017 og gikk til eit fiskelag ved Gjøvik (Rendalen) som skulle bruke den til utfisking av sik i eit større vatn. Arne Dvergsdal køyrde rusa til Fagernes der den blei henta av kjøparane. Prisen blei 30000,- som vi hadde krevd, men vi kosta sjølv køyringa til Valdres.

- **Trekning av reinsdyrløyver og jakta 2017.**

Det blei tildelt 3 dyr for Naustdal sitt vedkomande. Av desse blei det uttrekt storbukke til Odd Vonen, simle til Asle Grimset og kalv til Torstein Svorstøl. Alle dyra blei felt. Atle Fimland tok ansvar for Utmarkslaget sitt ansvar vedr reinsdyrjakta også i år.

- **Småviltsituasjonen.**

Utmarkslaget fekk avtale med Florø jeger og fisk si rypetakseringsgruppe der dei gjennomførte taksering i delar av Utmarkslaget sitt område frå 04.-12.09.2017. Dei utarbeidde ein grundig rapport som blei lagt ut på Fb sidene til Utmarkslaget. Her er også predatorsituasjonen i området vårt gjort greie for. Rypetakseringa vil vere viktig i vurderinga av forvaltning av småviltet og ein vonar arbeidet kan fortsette og kan utvidast til fleire områder av medlemmane si utmark.

- **Skiltmerking av turstiar i Instedalen.**

Utmarkslaget søkte om og fekk innvilga midlar frå Utviklingsfondet for LV området <https://gloppen.kommune.no/tenester/landbruk/utmark/utviklingsfondet-naustdal-gjengedal/> til revidering av informasjonstavla kalla «Merka tustiar i Instedalen». Initiativet blei tatt i forståelse med Instedalsprosjektet som i si tid fekk laga skilta. Nye stier og parkingsplasser blei påførte og ein del bilder erstatta med nye. Kvar tavle har posisjonsmerke for der tavlene står. Utmarkslaget har sitt namn på dei nye tavlene og er eigentleg eit praktverk ført i produksjon ved Fluorlux i Stryn. Takker også for godt samarbeid med Norodd Bruflot og Instedalsprosjektet som tillot at vi reviderte platene. Samtidig blei det bestilt 3 nye monterer og plasserte der slike mangla - ved Øijord, Steinbakken og Vonavatnet. Skilta er plasserte ved Reinene, Teigen, Øijord, Svorstølskrysset, Svobrua, Steinbakken og Vonavatnet. Gamle skilt frå den første produksjonen står frå Espelandskrysset og nedover bygda og er uendra.

- **Møte vedr kva måte vi kan utvikle reiselivet som næring, i dei indre og øvre delane av Naustedalen.**

Jfr epost frå Åsmund Bertelsen: «Både som ansvarleg for Instedalen skianlegg og med i Naustedalen.no tykkjer eg vi bør drøfte om og på kva måte vi kan utvikle reiselivet som næring, i dei indre og øvre delane av Naustedalen. Kan Utmarkslaget tenkje seg å vere med å arrangere eit slikt møte?» Styret inviterte Bertelsen og tidlegare leiar av Instedalsprosjektet Norodd Bruflot på eit styremøte. Drøftinga gikk hovudsakleg på å motivere folk med eigedomar og hus i Instedalen til å leige ut ledige hus, hytter og støler på tidspunkt av året der slike var etterspurt – bl.a. i vinterferieveka då mange folk er i området og kunne ynskje å bu der nokre dagar. Saka ligg på utsida av kjerneoppgåvene til Utmarkslaget og meir inn i oppgåver for grendelag o.l. Styret sa seg likevel villeg til å følge saka. Vi la ut info på våre Fb sider og meldte oss også på eit møte ved Dalen landhandel der det skulle drøftast tilsetjing av prosjektleiar som kunne følge slike saker i bygda. Møtet blei avlyst p.g.a. konkurransen same dag og er seinare ikkje sett opp att. Styret vil følge opp saka.

- **Hjortebørsen 2016**

Også i 2017 deltok ØNU med å publisere resultatane på «Hjortebørsen» denne gang kun på Fb sidene våre og sakene blei oppdatert etter oppgåver vi fekk frå styret i Instedalen Storvald. Tala blei regelmessig oppdatert så lenge det blei skote dyr. Siste rapport 16.11 viste 25 felte dyr av ein kvote på 50 dyr, noko betre enn i 2017 då det vart skote 18 dyr. Viser elles til oppsummering i årsmøtet for Instedalen Storvald.

## **Deltaking i nemder og utval.**

### **Rådgivande Utval i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde**

Svein Svorstøl med vara Janne Lykke Svorstøl har representert ØNU styret/Naustdal kommune. <http://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal/>

**Fondsstyret for Utviklingsfond for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde** – Kjell Klopstad representerer Utmarkslaget med Normund Svoen som vara.

<https://gloppen.kommune.no/tenester/landbruk/utmark/utviklingsfondet-naustdal-gjengedal/>

**Villreinutvalget – Førdefjella villreinområde.** Atle Fimland er Utmarkslaget sin representant.

<http://www.villrein.no/frdefjella-2/>

**Villreinnemda for Sogn og Fjordane.** Olav Svoen er medlem og utpeikt av Naustdal kommune  
<http://www.villrein.no/sogn-og-fjordane-nemnd/>

**Prosjekt/drift som Utmarkslaget arbeider med i 2017 og som blir vidareført i 2018 er:**

- Vedlikehald av utfiskingsprosjektet i Vonavatnet – jfr årsmeldinga.
- Vedlikehold av Skiltmerking av stiar i ØNU sitt område
- Småviltkartlegging i ØNU sitt interesseområde
- Dagleg drift med vedlikehold av parkeringsplassar og opparbeidd friluftsområde ved Svobrua, fiskekort- og parkeringskasser, vedlikehold av båtar, vedlikehold av merka stier, opprigging av utstyr etc om våren og nedrigging om hausten (båtar, kanoer, bord og benker, garn, kort-/parkeringskasser etc), kommunikasjon med kommune og administrasjonen for LV området, uttale i forbindelse med søknader om motorisert ferdsel, løypekøyning, bygg og anlegg i ØNU sitt interesseområde.

For meir info sjå nettsidene <http://www.kringlen.com/ONU.html>

Viser også til Øvre Naustdal Utmarkslag si Facebook gruppe -

<https://www.facebook.com/search/top/?q=%C3%B8vre%20naustdal%20utmarkslag>

Vi takker nok ein gong Ola Kringlen frå "Vonaportalen" for all hjelp til å legge ut sakene våre. Vi må også legge til at styremedlemene i Utmarkslaget legg ned eit betydeleg dugnadsarbeid for laget – både praktisk og organisatorisk!

Florø 25.02.18 For styret i ØNU,  
Normund Svoen  
Leiar.